

Innkalling

Utval: Giske kontrollutval

Møtestad: Giske rådhus

Dato: 20.11.2025

Tidspunkt: 13:30

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

- PS 28/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 29/25 Orienteringar
- OS 03/25 Orientering frå kommunedirektøren om varslingsrutiner og andre forhold
- PS 30/25 Revisor si risikovurdering forenkla etterlevingskontroll 2025 - godtgjersle til folkevalde
- PS 31/25 Bestille prosjektplan forvaltningsrevisjon 2026
- PS 32/25 Møteplan 2026 Giske kontrollutval
- PS 33/25 Meldingar og skriv
- MS 15/25 Fagkonferanser for kontrollutval i 2026
- MS 16/25 Vedtak kommunestyret - forvaltningsrevisjon 2025
Personalressursforvaltning
- MS 17/25 Eigarmøte i selskap - Giske kommune

Ålesund, 13.11.2025

Kåre Harald Sæter
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 28/25	Giske kontrollutval	20.11.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Giske kontrollutval - 18.09.2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 29/25 Giske kontrollutval

Møtedato
20.11.2025

Orienteringar

Underliggende saker

03/25 Orientering frå kommunedirektøren om varslingsrutiner og andre forhold

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
OS 03/25 Giske kontrollutval

Møtedato
20.11.2025

Orientering frå kommunedirektøren om varslingsrutiner og andre forhold **Giske kommune**

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har invitert kommunedirektøren til å gje ei orientering om kommunen sine varslingsrutiner og om andre forhold som er meldt vidare til andre.
Spørsmåla kommunedirektøren har fått ligg ved som vedlegg.

Det er nyttig for kontrollutvalet å kjenne til og kontrollere om varslingsystemet fungerer.
Når det gjeld dei andre forholda som vert etterspurt, så er kunnskap om dette med på å gje kontrollutvalet eit breiare bilde av mogelege risiko- og forbetningsområder.

Vedlegg

Orientering om varslingsrutiner og andre forhold

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 30/25 Giske kontrollutval

Møtedato
20.11.2025

Revisor si risikovurdering forenkla etterlevingskontroll 2025 - godtgjersle til folkevalde Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek revisor si risikovurdering til vitande og støttar valet av område for forenkla etterlevingskontroll 2025 som er godtgjersle til folkevalgte.

Bakgrunnsinformasjon:

Gjennom ein forenkla etterlevingskontroll skal revisor bidra til å sikre at kommunen følgjer reglar og vedtak for økonomiforvaltinga innan eit avgrensa område. Arbeidet skal byggje på ei vurdering av risiko og kva som er viktig, og vurderinga skal leggjast fram for kontrollutvalet.

Innan 30. juni skal revisor gje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen. Revisor nyttar eit standard rammeverk og internasjonale revisjonsstandarar ved utføring av forenkla etterlevingskontroll.

Forenkla etterlevingskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjonen, men kan sjåast på som eit supplement i forlengelsen. Målet med kontrollen er å bidra til å førebygge og avdekke alvorlege feil og manglar i viktige delar av økonomiforvaltninga som ikkje alltid blir kontrollert i den finansielle revisjonen. For kontrollutvalet sin del er ansvaret avgrensa til å sjå etter at den vert gjennomført, og halde seg orientert om resultatet. Det er ein del av kontrollutvalet si påsjår-rolle.

Vurdering:

Det er revisor som avgjer kva område som skal kontrollerast gjennom ein forenkla etterlevingskontroll, med bakgrunn i ei risiko- og vesentlegvurdering. Revisor identifiserer

område i økonomiforvaltinga der det er størst behov for at føresegner og vedtak blir følgde, avhengig av kva konsekvensar manglande etterleving kan få.

Revisor vil i møtet 20.11.2025 presentere si risiko- og vesentlegvurdering. Denne gir grunnlag for dialog mellom revisor og kontrollutval om kva revisor vil og bør følgje opp. Kontrollutvalet kan gje innspel til vurderinga, men det er revisor som vel ut området for den forenkla etterlevingskontrollen.

I revisor si risiko- og vesentlegvurdering er det tatt med ei oversikt over kva områder det har vore forenkla etterlevingskontroll på dei siste åra.

Vedlegg

Revisor si risikovurdering forenklet etterlevelsesk kontroll 2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 31/25 Giske kontrollutval

Møtedato
20.11.2025

Bestille prosjektplan forvaltningsrevisjon 2026 Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Giske kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein forvaltningsrevisjon innan dokumenthandtering og innsyn/offentlegheit i Giske kommune.

Bestillinga går til Møre og Romsdal Revisjon SA, og vi ber om at dei legg fram ein prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet.

Problemstillingane må lagast ut frå dei momenta som kom fram i møtet.

Prosjektplanen skal innehalde:

- bakgrunn og føremål
- problemstillingar
- revisjonskriterie og metode
- tidsplan
- forventa ressursbruk

Prosjektplanen sendast sekretariatet seinast 14 dagar før møtet, dvs. innan 15. januar 2026.

Bakgrunnsinformasjon:

Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. Det er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

I kommunelova § 23-3 første ledd blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Giske kommunestyre gjorde følgjande vedtak i sitt møte 26.09.2024:

Kommunestyret vedtek Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 Giske kommune slik den ligg føre, med desse prioriteringane:

1. *Forvaltning av personalressursar innan helse og omsorg*
2. *Innsatstrappa og struktur innan helse og omsorg*
3. *Giske kommune sin bruk av interkommunale samarbeid*

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen om risiko og vesentlegheit vert endra

Vurdering:

Kontrollutvalet har forvaltningsrevisjon som eit av verktøya i arbeidet sitt. Kontrollutvalet er gitt mynde til å endre planen som kommunestyret har vedteke, om risiko og vesentlegheit vert endra.

I tråd med prioriteringane i Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 så er det “Bruk av innsatstrappa og struktur innan helse og omsorg” som står for tur.

I risiko- og vesentlegvurderinga som ligg til grunn for planen så ser vi at dette ikkje er direkte omtala som eit eige tema der. Men på sidene 50-53 i rapporten finn ein nokre sider av temaet omtala. Då kontrollutvalet gav sine innspel til utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon, så kom temaet fram og det vart vurdert og sett opp som eit eige tema på lista over tre prioriterte områder i planen.

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjonen innan området kan vere:

- Omstillingsarbeid og ressursnyutting
- Tenestenivå/tildeling innan
 - eldreomsorg
 - psykisk helse
 - rusarbeid

Det som kontrollutvalet må ta med er at det nyleg har vore ein forvaltningsrevisjon innan kommunalområdet helse, og kontrollutvalet bør derfor vurdere om det er rett med to forvaltningsrevisjonar innan det same kommunalområdet så tett på kvarandre.

Det tredje området som er prioritert i vedteken plan er å sjå nærare på Giske kommune sin bruk av interkommunale samarbeid. I rapporten med risiko- og vesentlegvurderingar så er dette området omtalt på sidene 30-31. Der vert det peika på at det kan vere ein risiko for at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad følgjer opp inngåtte avtalar, og rapporterer frå desse tenestene til kommunestyret.

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon innan interkommunale samarbeid kan vere:

- Forvaltning av Giske kommune sine oppgåver og ansvar gjennom interkommunale samarbeid
- Kvalitet, ressursbruk og regeletterleving på tenestene Giske kommune leverer gjennom interkommunale samarbeid
- Organisering av samarbeida (ressursar, oppdrag, styring, ansvar, fordeling, føringar, intensjonar, forventningar)

Det er eit området som kontrollutvalet sjølve har sagt at de vil sjå nærare på. I sak 25/25 gjorde utvalet slikt vedtak: *Kontrollutvalet vil ta temaet dokumenthandtering og innsyn/openheit med i vurderinga av risiko- og vesentlegheit når området for neste forvaltningsrevisjon skal vedtakast.*

Dokumenthandtering og innsyn/openheit er eit tema som kontrollutvalet i denne perioden og tidlegare periodar fleire gonger har kome attende til. Sekretariatet vil derfor råde kontrollutvalet til å vurdere om tida er inne for ein forvaltningsrevisjon på dette no. Innsyn og openheit i den offentlege forvaltninga er ein viktig bærebjelke for å ta vare på demokratiet vårt. På same måte som at kommunen handtera ulike dokument på vegne av innbyggjarane i tråd med lov og forskrift.

Tema som kan kome inn under dette området er omtala i risiko- og vesentlegrapporten på sidene 23-24, og sidene 31-34.

- Sakshandsaming, dokumentering og arkivering
- Personvern, behandling av sensitive opplysningar, derunder datahandsamingsavtalar og arkivering

Andre stikkord på området som kan dekke det kontrollutvalet tidlegare har drøfta om dette temaet er innsyn, openheit, journalføring og førehandsklassifisering (skjerming), journalføring av dokumentasjon i alle format (brev, sms, e-post, andre format)

Kontrollutvalet bør i møtet drøfte kva vinkling utvalet ynskjer at forvaltningsrevisjonen skal ha og gjere nokre avgrensingar, uansett kva tema ein vel. Utvalet bør og ha i tankane kva som vil ha størst verdi for kommunestyret og for kommunen sitt forbetningsarbeid.

No i bestillerfasa er det ganske ope, og kontrollutvalet kan legge premissane og retninga for sjølv forvaltningsrevisjonen. Det vil vere særskilt nyttig for den som skal lage prosjektplanen om kontrollutvalet kjem med innspel og kan gjere bestillinga tydeleg.

Etter kontrollutvalet si behandling i møtet, bestiller kontrollutvalsekretariatet ei skisse til prosjektplan hjå Møre og Romsdal revisjon SA. Prosjektplanen bør ha med forslag til bakgrunn, føremål, problemstillingar, revisjonskriterium, metode og tids- og ressursbruk.

Det er ynskjeleg at prosjektplanen vert lagt fram for kontrollutvalet i først møte på nyåret. Det vert på dette møtet at kontrollutval og forvaltningsrevisor sikrar at dei er einige om problemstillingane og premissane før sjølv forvaltningsrevisjonsarbeidet tek til.

Vedlegg

Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 Giske kommune - vedteken 26.09.2024

Rapport frå risiko- og vesentlegvurdering 2024 - Giske kommune

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 32/25 Giske kontrollutval

Møtedato
20.11.2025

Møteplan 2026 Giske kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Møteplan for Giske kontrollutval i 2026:

1. møtet: 29. januar
2. møtet: 19. mars
3. møtet: 7. mai
4. møtet: 10. september
5. møtet: 12. november

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet er eit folkevald organ og skal gjennomføre sine møter i tråd med kapittel 11 i KommuneLOVA: Saksbehandling i folkevalde organ, om ikkje anna særlovgiving for kontrollutval seier noko anna.

Det betyr mellom anna at

- Kontrollutvalet skal behandle sine saker og treffe vedtak i møte.
- Kontrollutvalet sine møter er opne for alle og saksdokumenta er offentlege
- Eit folkevald organ gjennomfører møte etter fastsett møteplan
- Utover dette kan ein gjennomføre møte i folkevalde organ om:
 - Organet sjølv eller kommunestyret vedtek det
 - Leiar av organet meiner at det er naudsynt
 - Minst ein tredel av medlemmane i organet krev det

Den som er valt medlem av eit folkevald organ, pliktar å delta i organet sine møter, med mindre det føreligg gyldig forfall. Med gyldig forfall er å forstå sjukdom eller andre hindringar som gjer det umogleg eller uforholdsmessig byrdefullt å møte. Som til dømes at ein må forsøme viktige og uopprettelige forretningar eller plikter, slik som møter i andre offentlege organer, eksamen, o.l.

Gyldig forfall kan også gjelde reise som det vil være urimeleg vanskeleg, praktisk eller tidsmessig å avbryte.

Forfall må, så snart situasjonen oppstår, bli varsla til kontrollutvalsekretariatet slik at varamedlem i rett rekkefølge kan kallast inn.

Vurdering:

Kontrollutvalet bør ha tilstrekkeleg med møter, slik at kontrollutvalet kan utføre og følge opp dei oppgåver som er naudsynt for å sikre forsvarleg kontroll.

Kontrollutvalet bør planlegge sine møter slik at det ikkje går for lang tid frå eit møte til det neste, då vil gjerne sakene kunne miste sin aktualitet.

Kontrollutvalet har faste oppgåver gjennom året, som gjer det naturleg at utvalet har eit minimum av møte. I Giske har kontrollutvalet som regel hatt fem møter i året. Nokre få gonger har ein hatt behov for eit ekstra møte, t.d. i samband med uttale til årsrekneskapet.

I sekretariatet si tilråding til møteplan så har vi prøvd å ta omsyn til:

- tidspunkt for godkjenning av utvalet si årsmelding
- tidspunkt for rapportering frå rekneskapsrevisjon
- frist for uttale til revisjonsmelding, årsrekneskap og årsmelding
- tidspunkt for tilråding til budsjettramme for kontrollarbeidet

Sekretariatet må samordne møtedatoane for dei sju kommunane vi er sekretariat for, og vi tek omsyn til dette når vi føresler datoar.

Det å ha ein møteplan sikrar at møteavviklinga er føreseieleg, og det gjer at innbyggjarar, media og andre folkevalde lettare kan følge arbeidet til kontrollutvalet.

Giske kontrollutval har så langt det let seg gjere hatt møta i kommunestyresalen på Giske rådhus, med møtestart kl 13.30.

Møteplanen vert kunngjort på kontrollutvalet si heimeside www.kontrollutval.no/giske og bør kome fram på kommunen si heimeside i den ordinære møtekalendaren for folkevalde organ.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 33/25	Giske kontrollutval	20.11.2025

Meldingar og skriv

Underliggende saker

15/25	Fagkonferanser for kontrollutval i 2026
16/25	Vedtak kommunestyret - forvaltningsrevisjon 2025
	Personalressursforvaltning
17/25	Eigarmøte i selskap - Giske kommune

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 15/25 Giske kontrollutval

Møtedato
20.11.2025

Fagkonferanser for kontrollutval i 2026

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Som kjent er det to fagkonferansar som er aktuelle for kontrollutvalet og som det er lagt inn midlar til i forslaget til budsjettramme for kontrollarbeidet.

Det er:

- Kontrollutvalskonferansen i regi av NKRF, som er 27.-28. januar 2026, påmeldingsfrist 18. desember.

Fagkonferansen for kontrollutval i regi av Forum for kontroll og tilsyn FKT, som er 2.-3. juni 2026, med årsmøte ettermiddag 27.1. Påmeldingsfrist ikkje kjent.

Program og meir informasjon finn de på **nkrf.no** og **fkt.no**

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 16/25 Giske kontrollutval

Møtedato
20.11.2025

Vedtak kommunestyret - forvaltningsrevisjon 2025 Personalressursforvaltning

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Rapport etter forvaltningsrevisjon personalressursforvaltning er no behandla i kommunestyret.

Vedlagt er kommunestyret sitt vedtak, som samsvarar med kontrollutvalet si tilråding.

Vedlegg

Kommunestyret sitt vedtak - rapport forvaltningsrevisjon personalressursforvaltning i helse og omsorg

Saksframlegg

Saksnr. MS 17/25
Utval Giske kontrollutval

Møtedato
20.11.2025

Eigarmøte i selskap - Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet skal halde seg informert om dei selskapa som kommunen har eigarinteresser i. Det er nyttig for kontrollutvalet å vere kjent med eigarmøter/årsmøter i desse selskapa. Både når det skal vere slike møter og å få protokollane når møta er haldne.

Vedlagt er:

- protokoll frå årsmøtet 06.06.2025 Møre og Romsdal Revisjon SA, protokollen kom til sekretariatet 30.10.2025.
- protokoll frå generalforsamling 28.10.2025 Attvin AS, protokollen kom til sekretariatet 04.11.2025.
- Innkalling og saksliste representantskapsmøte 13.11.2025 - Interkommunalt arkiv IKS, med fleire vedlegg
- Innkalling til ekstraordinært årsmøte i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre DÅS*

*Når det gjeld DÅS så er dette selskapet i dag organisert som ei forening. Om det blir danna eit nytt selskap så er det tenkt som eit AS. Kontrollutvalet sitt kontrollansvar er ulikt i forhold til desse to selskapsformene.

Vedlegg

Protokoll årsmøtet 06.06.2025 - Møre og Romsdal Revisjon SA
Møteinnkalling eigarmøte 06.06.2025 og årsmøte 2024 Møre og Romsdal revisjon SA
Årsregnskap 2024 - Møre og Romsdal Revisjon SA